



# Bjørnafjorden kommune

## Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

*Endring revisjon 2: Ny tekst på verbalforslag 3 og 4.*

Etter gjennomføring av kommunereforma i 2019 vart det fort tydeleg at den nye kommunen hadde store økonomiske utfordringar med inntekter som var lågare enn forventa. Os kommune var ein låginntektskommune og Fusa kommune supplerte inntektene med eigedomsskatt. Den samanslåtte, og meir gjennomsnittlege kommunen, som ikkje skulle ha eigedomsskatt, mista fleire inntektskjelder. Det vart sett i gong tiltak for å få kontroll på økonomiplanane, ikkje minst for å førebu SIO-exit som vi visste ville vera utfordrande.

Pandemien har krevd mykje av ein organisasjon som har vore belasta med ekstra mykje arbeid gjennom kommunereforma, og fleire av kjernetenestene har fått mindre ressursar enn naudsynt over lang tid.

Då regjeringa i framlegg til statsbudsjett for 2022 trekte ut SIO-prosjektet eit år før tida vart situasjonen ekstra vanskeleg, og kommunedirektøren har for første gong innstilt på eit kommunebudsjett der eigedomsskatt er naudsynt for å saldera budsjettet. Likevel kjem kommunen ut med negativ resultatgrad i tre av fire år i økonomiplanperioden, og kommunen må tappa fond i heile perioden utan å nå resultatgrad på 1,75%, som kommunen har vedteke i økonomireglementet.

I statsforvaltaren si vurdering av budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 blei det allereie då peika på at kommunen må gjera endå fleire tiltak for å redusera utgifter eller auka inntekter. Dette var før SIO forsvann over natta, og kommunedirektøren, økonomisjefen og alle kommunalsjefane har gjennom budsjettprosessen vore klinkande klare på at dei ikkje ser det mogleg å driva kommunen gjennom økonomiplanperioden utan eigedomsskatt.

Det er med uro Miljøpartiet Dei Grøne observerer at fleirtalet i kommunestyret med opne auge går inn for endå meir massive kutt enn det som allereie ligg inne, då det ser ut til at valløftet om å unngå eigedomsskatt er viktigare enn alle andre valløfte. Ei dogmatisk tilnærming til at eigedomsskatt skal unngåast for einkvar pris gjev mykje høgare risiko for ein kommune som ikkje klarer å levera lovpålagte tenester, og ein kommune som over tid tappar alle fond og til slutt hamnar på ROBEK. Dette er ei varsla katastrofe.

Miljøpartiet Dei Grøne er sterkt uroa for framtida til dei svakaste i kommunen dersom kommunen framleis ikkje vil ta i bruk verkemiddel som dei aller fleste kommunar i Noreg, med alle politiske fargar, har tatt i bruk. Kor mange elevar er det som ikkje



kjem til å få den tilpassa opplæringa dei skal ha? Kor mange er det som ikkje får den spesialundervisinga dei skal ha? Kor mange er det som ikkje får tilfredsstillande opplæring i grunnleggjande norsk, og kor hamnar vi som kommune når langtidsverknadene av dette slår inn? Kva hender når elevane som ikkje har lært det dei skal i den tiårige grunnskulen vår, skal prøva å koma seg gjennom vidaregåande, prøva å koma seg ut i arbeidslivet? Kor mange endar opp som skattebetalarar og kor mange vert avhengige av økonomisk bistand gjennom store delar av livet? Og kor mange vil ikkje få naudsynt plass på sjukeheim når livet går mot slutten?

Det er viktig at det politiske nivået tek konkret ansvar for resultata av dei strategiske vedtaka i kommunestyret som vedtak av budjsett og økonomiplan. I Bjørnafjordens kommune praktiserast rammebudsjettering slik at politikarane i liten grad treng setja seg inn i dei praktiske konsekvensane av ostehøvelkutt.

I årets budsjettframlegg ligg det inne stipulerte inntekter frå finansporteføljen og frå havbruksfondet. På sikt er det ønskeleg å trekka ut igjen slike usikre inntekter frå budsjettet.

MDG bygger årets budsjettframlegg på innstillinga frå kommunedirektøren, som er sakleg og velbegrunna. Det ligg inne forslag til nokre små justeringar for å betre trygga økonomien og for å sikra nokre av tenestene vi meiner er viktige.

## Drift

Alle tal i 1 000 NOK.

### Eigedomsskatt

Det er særst viktig at eigedomsskatt vert innført tidleg i økonomiplanperioden fordi det tek lang tid å bygga opp inntektsgrunnlaget som er naudsynt i slutten av perioden. MDG vil foreslå at eigedomsskatt innførast med 1‰ i 2022, og at skatten aukar til 3‰ på bustad allereie i 2023 ved at vi samtidig innfører botnfrådrag, i tråd med §13. Det betyr at kommunen kan oppnå 4‰ eigedomsskatt på bustad allereie i 2024. Samtidig veit vi at offentlege avgifter for VA er høge i kommunen, så vi støt kommunedirektøren sitt forslag om fritak ved låg inntekt.

Den stipulerte inntekta på eigedomsskatt som kommunedirektøren har lagt til grunn er truleg noko forsiktig (20 000 per ‰), men vi held oss til dei same tala i budsjettet.

Desse endringane vil gjera det mogleg å bruka mindre av oppsparte fond slik at resultatgraden ikkje blir like dårleg i åra i økonomiplanperioden.

	2022	2023	2024	2025
<i>Kommunedirektøren si innstilling</i>	15 000 [1]	40 000	60 000	80 000
MDG bustad	15 000	42 000 [2]	56 000 [2]	56 000 [2]
MDG næring	5 000	10 000	15 000	20 000
MDG SUM	15 000 [1]	52 000	71 000	76 000

[1]: Første året er det berekna 5 000 i omkostningar ved innføring av eigedomsskatt

[2]: MDG reknar 1 000 reduserte inntekter per ‰ ved innføring av botnfrådrag

Det er viktig å vera obs på at det kjem nye økonomiske utfordringar i 2026 då det ligg inne bruk av lukka pensjonsfond i heile økonomiplanperioden, som vil vera så godt som oppbrukt i 2025. Då må kommunen i åra mot 2027 og vidare finna inndeckning på 25 000 meir i utgifter på driftsbudsjettet. Ei mogleg løysing kan vera å auka eigedomsskatt vidare mot 7‰ for næringseigedom i åra etter denne økonomiplanperioden.

Avslutningsvis vil vi presisera at Miljøpartiet Dei Grøne ønsker å ikkje ta ut maksimalt potensiale for eigedomsskatt om det ikkje er naudsynt. Kommande økonomiplaner dei neste åra må justerast ned dersom det er mogleg, men slik situasjonen er no er det viktig å setja i gong opptrapping allereie i 2022.

## Frie inntekter

I endringar til statsbudsjettet som den nye regjeringa har lagt fram ligg det inne auka inntekter til Bjørnafjorden kommune på 11 500.

## Finansinntekter

Kommunedirektøren har budsjettert med finansinntekter i 2024 og 2025. Vi reknar det som like sannsynleg at det kjem overskot på finansporteføljen i heile økonomiplanperioden. Samtidig bør kommunen ha ein langsiktig strategi om å få god nok kontroll på økonomien til at vi kan budsjettera utan slike usikre inntekter.

	2022	2023	2024	2025
<i>Kommunedirektøren si innstilling</i>			5 000	7 000
MDG	5 000	7 000	7 000	7 000

## Innsparing pensjon og justert skatteinngong

Det ligg an til at kommunen kan spara ganske mykje pengar på å endra pensjonsordning, men MDG legg ikkje dette inn i budsjettet.

Auka skatteinngong blir heller ikkje lagt til grunn, sjølv om det er fleire indikatorar som peikar på at det vil vera sannsynleg.

Begge desse faktorane held vi som ikkje talfesta reserver som kan bidra til å redusera risiko ved låg resultatgrad.

## Skule- og barnehagestruktur

I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg ligg det inne ei utrekning av potensiale for innsparing på 16 800 ved å gjera strukturendringar i skule og barnehage. Denne innsparinga vil truleg vera noko mindre både fordi det ligg inne 500 inntekt til kommunen per grunnskule i statsbudsjettet og fordi kostnad til skuleskyss ikkje er rekna inn.

For Miljøpartiet Dei Grøne er det ikkje ønskeleg å gjera desse endringane gjennom denne budsjettprosessen. Ei strukturendring har større konsekvensar enn dei reint budsjettmessige, så dersom dette skal gjennomførast må det skje gjennom ein grundig skulebruksplan som viser konsekvensar for lokalsamfunn og elevar.

## Overføringer og tilskot til andre organisasjonar

Bjørnafjorden kommune reduserer budsjettramma for alle tenester som kommunen leverer sjølv. Det er difor rimeleg at det også må kuttast noko i dei tenestene som andre leverer for kommunen. I kommunale tenester vert det kutta i snitt 10%. Vi skjermar dei andre organisasjonane for slike kutt, men ser ikkje at vi har råd til å kompensera for løns- og prisvekst eller gje midlar til ny aktivitet.

### RadiOs

Det er ikkje kommunen si oppgåve å halda liv i lokalradio på FM-bandet. Å støtta eit lokalt massemedium framfor andre lokale aviser og nettmedium er ikkje ønskeleg.

	2022	2023	2024	2025
RadiOS	75	75	75	75

### Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Kyrkja leverer lovpålagte tenester for kommunen, til liks med mange av dei kommunale einingane. Kyrkja må sjølv effektivisera for å kompensera for løns- og prisvekst, og i tillegg må dei ta eit generelt kutt.

	2022	2023	2024	2025
Bjørnafjorden Kyrkjelege fellesråd	650	650	650	650

### Oseana KF og Os idrettspark Bjørnafjorden KF

Kommunen har i mange år overført relativt store summar som driftstilskot til Oseana KF. Foretaket er ein viktig aktør for kulturelle tilbod og kulturell utvikling, ikkje berre for kommunen og lokale innbyggjarar, men for heile regionen.

På same måte er Os idrettspark Bjørnafjorden KF også ein særskilt viktig aktør, spesielt for mange born og unge.

I den situasjonen kommunen er i, må diverre kommunen også kutte i overføringer til desse foretaka.

	2022	2023	2024	2025
Oseana	680	680	680	680
Os Idrettspark	450	450	450	450

## MOT

Førebyggjande arbeid blant born og unge er viktig. MOT-satsinga er eit forskingsbasert program som rettar seg mot alle unge i kommunen vår, og noko vi veit har positiv effekt på skulemiljø og psykisk helse. Kva program ein skal følga, er ei administrativ avgjerd, men MDG vil sikra oppvekst midlar til å oppretthalda satsinga i ungdomsskulen. Utfordringar som ein tidlegare har sett møter ungdom i tenåra, ser ein no hyppigare knytt til elevar på mellomtrinnet, til dømes digital mobbing og andre problemstillingar knytt til sosiale medium. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommundirektøren vurdere å ta MOT eller liknande satsing inn på mellomtrinnet i barneskulane våre.

	2022	2023	2024	2025
MOT	- 600	- 1 200	- 1 200	- 1 200

## Kommunen som leigetakar

Kommunen er ein stor eigedomsaktør, både med egne bygg og gjennom leige på marknaden. Vi legg til grunn at det er mogleg å spare pengar på å bruka bygningsmassen betre etter kommunereforma.

	2022	2023	2024	2025
Redusert leige	500	500	500	500

## Bølgebrytarar

I lys av kommunen si økonomiske situasjon er det tydeleg at investeringane i forskning og utvikling for å laga bølgebrytarar til hamnebassenget var eit stort og uforsvarleg feiltrinn av Os kommune. Bølgebrytarane har noko effekt, men er langt unna å forsvara kostnadene på ca. 40 000.

I budsjett for 2021 vart det vedteke å utgreia kva alternativ kommunen har for å få ned årlege driftskostnader. Dette har ikkje blitt gjennomført. Årleg kostnad for kommunen er av storleik 1 000 i forsikring og vedlikehald pluss 2 000 i renter og avdrag. MDG legg inn framlegg om å leggja bølgebrytarane på land for å spare opp mot 1 000 årleg i driftskostnader. Det er framleis ønskeleg å få avdekka om det er mogleg å selga bølgebrytarane å ta igjen noko av dei tapte utgiftene.

	2022	2023	2024	2025
Redusert vedlikehald og forsikring	500	1 000	1 000	1 000

## Oppsummering drift

Alle summer i tabellen kjem frå føregåande kapitalar og er endringar i høve kommunedirektøren si innstilling.

	2022	2023	2024	2025
Endring i eigedomsskatt	0	12 000	11 000	- 4 000
Auke i frie inntekter	11 500	11 500	11 500	11 500
Finansinntekter	5 000	7 000	2 000	0
RadiOs	75	75	75	75
Bjørnafjorden Kyrkjelege fellesråd	650	650	650	650
Oseana	680	680	680	680
Os Idrettspark	450	450	450	450
MOT	- 600	- 1 200	- 1 200	- 1 200
Redusert leige	500	500	500	500
Bølgebrytarar	500	1 000	1 000	1 000
<b>Endring driftsresultat</b>	<b>18 755</b>	<b>32 655</b>	<b>26 655</b>	<b>9 655</b>

	2022	2023	2024	2025
<i>Resultatgrad kommunedirektøren si innstilling</i>	-4,3%	-1,6%	-0,7%	0,2%
Resultatgrad MDG	-3,32%	0,01%	0,55%	0,64%

## Investering

Alle tal i 1 000 NOK.

### Undergang Rød

Det er knytt stor usikkerheit til endelege kostnader og mogleg framdrift i bygginga av undergang på Rød. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommundirektøren gå i dialog med rette vegmynde og søka å finna andre måtar å sikra mjuke trafikantar i området.

	2022	2023	2024	2025
Avlysa investeringsprosjekt	6 000	2 000	0	0

### Fjellheim

I 2021 har det vore gjort noko arbeid med nødvendig utvendig vedlikehald av Fjellheim. I tillegg har kommunestyret vedteke å leiga bygget ut til kulturføremål. Bjørnafjorden kommunestyre løyver eit mindre beløp til nødvendig vedlikehald som hindrar ytterlegare forfall fram til ein leigeavtale er klår.

	2022	2023	2024	2025
Vedlikehald	- 450	0	0	0

### Oppsummering investering

	2022	2023	2024	2025
Undergang Rød	6 000	2 000	0	0
Fjellheim	450	0	0	0
<b>Endring investering</b>	<b>5 550</b>	<b>2 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



# Verbalforslag

## 1. Etterbetaling manglende løn

Kommunen har den siste tida innrømma manglende lønsutbetaling til tilsette, i strid med lovverket, og bedt om at tilsette som er råka sender krav om refusjon. Miljøpartiet Dei Grøne meiner at kommunen som ansvarleg part, på eige initiativ må sikra etterbetaling til alle som er råka. Kostnaden må takast innanfor rammetilskotet til sektoren, eller løftast som eige sak til kommunestyret.

## 2. Klimasamarbeid med Bergen og andre kommunar

I 2021 fekk kommunen tilsett klimarådgjevar. Sjølv med eit årsverk knytt direkte til klimaarbeid er dette ei stor oppgåve for ein mellomstor kommune. Bjørnafjorden kommune skal søka samarbeid med Bergen kommune sin klimaetat, nytta rettleiing og tilskot fra Vestland fylke, og vera ein aktiv søker på statlege og internasjonale støtteordningar.

## 3. Solenergi (ny tekst)

Det er viktig at kommunen følger opp strategi for solenergi vedteken i budsjett for 2021 om at nye bygg skal planleggast for bruk av solenergi. Ved bygging av Bufellesskap på Søfteland og evt. nybygg for hjelpemiddellager og lokale til heimetenesta på Lurane skal ein leggja inn bruk av solenergi i form av solceller eller solfangarar. Solenergi skal også vurderast som tiltak på den eksisterande bygningsmassen til kommunen

## 4. Nullutsleppsbilar (ny tekst)

Ved kjøp/leasing av nye kommunale køyrety skal ein primært velja nullutslepps køyrety. Innkjøpa skal vurderast opp mot brukars behov, tiltakskost for redusert CO<sub>2</sub>-utlepp og marknaden for nullutslepps alternativ i den aktuelle køyretygruppa.

## 5. Klimabudsjett

Det er særst viktig at kommunen intensiverer arbeidet med klimarekneskap og klimabudsjett. I tråd med vedteke budsjett for 2021 skal kommunen framover i budsjett- og økonomiplanarbeid årleg konkretisera sektorvise og målbare nedtrekk. Kvar sektor må ta ansvar og visa konkret i budsjettet korleis klimagassutslepp skal reduserast med kvantifisering av årlege kutt.

## 6. Finansreglement

Kommunestyret har vedteke å rullera finansreglementet og implementera ein handlingsregel. Det arbeidet må gjennomførast før årsrekneskapen skal vedtakast.

Følgande struktur blir lagt til grunn:

- Årleg prisvekst skal først tilbakeførast til finansporteføljen for å unngå verdireduksjon
- 25% av overskotet skal tilbakeførast til finansporteføljen for å betre sikra kommunen for framtidens økonomiske utfordringar
- 25% av overskotet skal førast inn på eit klimafond. Struktur på korleis fondet skal nyttast bør leggest til handlingsplan for KLEM-planen, men det må vera målbare tiltak som kan nyttast av både kommunale einingar og innbyggjarar.

## 7. Klimasmarte kommunale prosjekt

Kommunestyret ber kommunedirektøren legga til grunn at nye kommunale bygg skal byggast i tre og at desse bygga skal vera plussbygg/BREEAM-sertifisert.

Kommunestyret ber kommunedirektøren legga til grunn at alle nye kommunale byggeprosjekt, nybygg, tilbygg eller rehabilitering skal vera nullutslipp og ha eit klimarekneskap.